

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sauda

Emne: Skav

Bygdelag: Sauda

Oppskr. av: Dorteia Rabbe

Gard: Ringhagen, Risvold

(adresse): Saudasjøen

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter fleire eldre menn

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Bl.a. Helge Øverland, 87 år og Olav Valskår 50 år

SVAR

Nr 1 Skav vart kala naudfor eller hjelpefor.

2 Dei nytta skav helst når det såg ut til å verta lite høi.

Men sume gardar som hadde mykje lageleg skog til skav nytta dette ogso om det ikkje var naudsynt.

Kreturi treivst med litt byte på maten.

Ein tala og om markafor og beit, men ikkje brom.

x3 Det friska kyrne, sa Helge. *a. ja skav.*

3 skava, skov, skave

4 Ein har sakta nytta skav her i bygdi heilt til no på

sume gardar, men truleg er det heilt slutt no avdi so *meige*

bygdefolk arbeidar i fabrikk ved sida av dei driv gard

og har mindre tid til det seine marka arbeidet..

For dei som hadde mykje *al*lageleg markaskog og folk til

arbeidet kan ein mest segja det hørde med til føret

når det leid på vinteren.

5 Her i bygdi nytta ein mest ask som ein kydla og fekk

lageleg tjukkegreiner av, 2-3 år gamle greiner var godt.

osp og selja *gylde*

Elles nytta ein mykje raun og alm og lind. Selja var her ogso

men dei heldt den helst for bufødle.

Eik var ogso ringt skav. Men ~~lind~~ og alm og osp og raun

var godt. Regla: Ask gjer kunå rask,

Eik gjer kunå veik.

Eg trur at andre regler er innsende for lengst til dei

som samla på slikt tilfang(eg hugsar ikkje, var det ikkje

prof. Lid tru?)

Frå grannebygdi (gyrr hørde ho til Sauda skipreide) har en

denne regla: Almen gjør, raudn før,

Øsp legg smør i øsk, eik gjer kul veik,

Hatl gjer kunå kratl, lind gjer kunå blind

Vier velter

Selja svelter,

Ør legg daudt for dør. (det siste syner det var kleint skav av ør.)

2.

Å ta alme^{greiner}greiner til før kallast for alming.

Sume gardar rekna med å skava utan å veta korleis vintere nart.

Ein skov ikkje nåletre her, det måtte vera i reine naudi om so var.

Ein skov til so langt på våren ein kunde ha kyrne ut.

8^a kyr og sau og geit fekk skav. Kalvar måtte ein vera varsame med.

Ein blanda, og tildels gav skavet for seg.

Kyrne åt alslag skav når dei var ne^{dørr}dørr og mest svalt.

Di var eingong ei herma frå ein av dei beste gardane ein vinter dei hadde 12 kyr og mjølki vart kje meir enn dei kunde ha det i ei kanneskål. Det har nok vore ein lang, vond vinter.

Her^{bygd}bygdi var vinteren 1877 sers lang og snøfull. På garden Andal, sagdest det, at det var 3 alner snø heime ved garden den 12 april og isen på fjorden var køyrande til Ropeid i Sand., vel 2 gam^{le}le mil. Ei loda på Hovland datt ihop av snøtyngda. Dampbåten kom ikkje inn før 7 mai. So slike vintrar har ein som vel er ikkje på jamaan

No lengst gjerdur mest aldri

9 Rauneskav gav meir mjølk og fint gult smør og gul mjølk.

Ospeskav gav beisk mjølk.

10. ^a sakta går ein eins erind til skogs etter skavved eller mork.

Å morka var ikkje eit arbeid dei var serleg glad i dei unge, men det måtte til. Æa ein skov hesjeveden ogso, når det so trefte til.

11. Ein segjer å marka eller morka, det er å samla h^øøleg ved eller greiner av kydlestuvar til skav

12 vedⁿ til skavings heiter mork.

13 Nei morking gjeld berre sanking av av ved til skav. (materiale til skav.)

14 Ein morkar og skavar om vintren til frampå vårparten,

kjem vel an på korleis det står til med høiet i loda og om vinteren er serleg lang og kald..

Kjenner ikkje til dette med å gå på fastande hjarta, om det har

vore brukt so er det vel litt lenge sidan. Men eg minnest mor

fortalde at i hennar barndom i 1860 åri skulde folket gå

fastande til kyrkja når dei vilde gå til alters. Rester av katolisisme

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2.

vel

9196

Sjå 10 AR 1860

Framhald ~~et~~ emne nr 7

Nr 15 Ein held tilb med skavaing både her og der, i fjoset, i tunet og inne i stova når det er regtig kaldt.

17/16 Nr 16 Ein nyttar ein gamall smal ljå, skavljå, med ei filla røyrd rundt odden, ein held i tjoet når ein skavar.

Tynnsleslåane var ~~te~~ st, men ein bruka ogso ~~ba~~ dakniv. Fyrr ~~lgga~~ dei mykje hatleband til tønne stav her og då hadde dei bandakniv.

16 Nr 17 Ein skjev ved ein skavkrakk eller ~~med~~ mot ein staur som er festa i ein bjelke. Skavkrakken lagar ein ofte av ein bjørkestuv med to -tri føter eller ^(kluftatre) greiner. Ein set elles inn eit fot

Ein sit tilskrevs og skavar mot seg. Ikkje noko sers namn på pinnen i skavkrakken. Selja skavar ein ikkje men svar henne. Skavhæl ikkje kjend, ein segjer heller ~~skavstaur~~ skavstaur.

Nr 19, Nei eg får ikkje til å forklara sitjemåten og arbeidet etter det dei gamle eg har tala med ~~egjers~~skildrar det. Meiner dei dreg skavkjeppen under ljåen helst.

20. Det heiter mork fyrr ein skjev av borken, skavet heiter det ein nyttar til for og skjevd^{el}(skjevel) den kjeppen som vert att og som er god til bakstevd og el~~e~~s til brenne.

Ein må ikkje skava mykje ved med, det vert ringt skav.

22 Ein skjev tunne greiner helst, men av og til ogso av større tre, det heiter då skavbrand.

23 Kjeppen kallast skjevedl eller skjevel, fleirtall :skjevlar.

24 Skavet skal vera tynnt og fint med lite ved med..

Sjòlsagt var ikkje alle like gode til å skava, meir og minder slarvne. Som fyrr nemt var det matabyte og opfriskande for kyrne å få skav, godt skav. Og ein rekna det for verdfyllt når det var markaskog på ein gard. "adde ein ~~56~~⁷⁻⁸ kyr minst rekna

dei skavet skulde svara for for til den eine.
25, sjå ovanfyre,

26. Ein brukar lite skav er i bygd^{id} no, folk har ikkje ~~suder~~ til detvlenger då fabrikkarbeid er betre betalt.

Beit er friske, fine greiner som ein nyttar til for utan skaving

av leivrik

Tilleggsliste til Emne nr 7, Skav.

Nr 1, Har ikkje høyrte om skil på kyraprisen om dei hadde fått skav eller ei.

Nr 2 Nei, det er ikkje kjendt.

Nr 3 Nei, ikkje anna enn at skav av alm var vond for kalvar.

Nr 4 Nei eg har ikkje kunna fått sikre opplysningar om kormykje folk skov, mål og med var skjønsmessig og dei eg har tala med kan ikkje segja noko visst. Ein hadde vel eit augnemål på dungen eller haugen av ferdig skav truleg, og husbondsfolket visste frå år til anna korleis det såg ut.

Nett no ha r eg trefte med eitpar kvinner som har skove mykje i sin ungdom. Dei fortel at dei rekna ein full sekk ⁷⁻⁸ daleg fordelt på kyr og sauer, det var gjerne ~~8-10~~ kyr og nok ⁹ mange sauer.

Dei foretel og at bestefaren sat i skova og skov. Han sat på stol med ryggstø og med puta i sete, so han hadde det godt.

Stauren som dei støda kniven mot var festa i ein bjelke.

So hivde dei bak seg det ferdige skavet etter kvart dei skov, greifene var godt og vel ei al lange.

Om våren når skogen ⁿsvadde var det lett å riva av borken i lange teinar. So bundta dei skjevlane saman i knippe og bar på rygg heim. Det var ofte ulendt der dei hadde markaskog serleg alm og ask.

Skjevlaveden heldt dei gjev både til å kveikja op med og til baksteved. Mine forteljarar er frå ein større gard som ligg einbølt til og ikkje har hatt køyreveg fyrr heilt nyleg. Difor heldt det gamle bondeyrket seg meir etter gammal skikk.

Dei laga eitpar lass med skav om dagen. Sauer likte best rauneskav. Almeskav var likegodt som kløverhøi, meinte dei.

Dei tok almen når han han spratt, hadde små øyrer, dei svadde han og sidan let han gå i hakkemaskina og vart då eten med stor fysnad av sau og ku. Både døtre og søner var med å skava fyrr.

Og dei heldt ljaen stiv medan dei drog greina under. So snudde ein greina og skov den andre halvparten.

Eg har bede nokon teikna opp sagekrakk, men dei får det ikkje til, ser det ut for. Litt variasjon har det nok vore i arbeidet.

9196 b.